

# **Referat frå årsmøtet i velferdsklubben for tilsette i Bømlo kommune**

Fredag 24.mars 2023

## Saker:

Idar Grasdal og Tore Hansen opna årsmøtet og ynskte velkommen til møte i nystarta velferdsklubb. Me fekk og ei kort innføring i bakgrunnen for at klubben vart starta, samt presentasjon av interimsstyret.

### 1. Val av Dirigent, sekretær og 2 personar til å underskrive protokollen

Forslag til dirigent: Tore Hansen - vedteke

Forslag til sekretær: John Helge Møgster - vedteke

Forslag til to som kan skriva under på protokoll:

Linn Therese Fylkesnes – vedteke

Arnhild Tveita-Larsen – Vedteke

### 2. Årsmelding og rekneskap

Her var det ingenting å melda, då klubben ikkje har hatt aktivitet utover stifting i 2022

### 3. Innkomne saker.

Endring av vedtekter § 3 Medlemskap.

#### Gjeldande vedtekts:

#### [§3 Medlemsskap](#)

Alle tilsette i Bømlo kommune har rett til å vera medlem i velferdsklubben mot å betala ei årleg kontingen. Med tilsette meinast alle faste tilsette, tilsette i midlertidige stillingar, samt lærlingar. I klubben har alle same rettar uansett stilling. Pensjonistar kan framleis vera medlemmar ved å betala kontingen. Nye tilsette i kommunen skal få tilbod om innmelding i klubben.

#### Forslag til endring:

#### [§3 Medlemsskap](#)

Alle tilsette i Bømlo kommune har rett til å vera medlem i velferdsklubben. I klubben har alle same rettar uansett stilling. Pensjonistar kan framleis vera medlemmar ved å betala kontingen. Statleg tilsette i NAV med naturleg arbeidsfellesskap med dei kommunalt tilsette i NAV kan og verta medlemmar. Dette gjelder også alle tilsette på Kyrkjekontoret. Dei betaler då dobbelt kontingen. Nytilsette i Bømlo kommune vil frå første dag få tilbod om å bli medlem og har alle rettar i Velferdsklubben ved betaling av kontingen.

Vedtak:

### §3 Medlemsskap

Alle tilsette i Bømlo kommune har rett til å vera medlem i velferdsklubben. I klubben har alle same rettar uansett stilling. Pensjonistar kan framleis vera medlemmar ved å betala kontingen. Statleg tilsette i NAV med naturleg arbeidsfellesskap med dei kommunalt tilsette i NAV kan og verta medlemmar. Tilsette i kommunale føretak kan også bli medlem. Det same gjelder også alle tilsette på Kyrkjekontoret. Tilsette ved kyrkjekontoret, samt kommunale føretak betaler dobbell kontingen. Nytilsette i Bømlo kommune vil frå første dag få tilbod om å bli medlem og har alle rettar i Velferdsklubben ved betaling av kontingen.

#### 4. Årsplan/Handlingsplan

Tore Hansen presenterte forslag til handlingsplan frå interimsstyret:

### HANDLINGSPLAN 2023-2024

Klubben sitt fremål er å fremja eit godt sosialt miljø, helse og trivsel for alle tilsette i Bømlo kommune, samt å bidra til at kommunen vert opplevd som ein attraktiv arbeidsplass.

#### 1. Sosiale aktivitetar.

Mål: Opprette arrangementskomité som skal ha ansvar for å lage til sosiale medlemsaktivitetar.

#### 2. Hytter/Leilegheiter

Mål: Opprette hyttekomité som skal få på plass avtaler, lage retningslinjer og finna løysing på organisering av utleige av 1 til 2 hytter/leilegheiter.

#### 3. Trim/aktivitet

Mål: Opprette ein trim/aktivitetskommité som skal ha ansvar for å legga til rette for fysiske aktivitetar for medlemmane. Dette være seg å organisere turar, sykle til jobb ol.

#### 4. Fordelsprogram.

Mål: Opprette ei gruppe som jobbar med å få avtalar med næringsliv og andre for å oppnå fordelar for medlemmar i Velferdsklubben.

Det vart fremma forslag om å få på plass ein eigen Kulturkomité

Mål: Ei grupper jobbar for å tilby ulike typar kulturtildel for medlemmane. Dette vert handsama på styremøte.

#### 5. Fastsettjing av kontingen

Forslag til kontingen 2023: Gratis – vedteke

Forslag til kontingen 2024: 25 kr per mnd. - vedteke

#### 6. Budsjett 2023

Budsjettforslag frå interimsstyret vart presentert og vedteke

7. Val av styremedlemer til styret

Valnemnda ved June Stavland la fram følgjande innstilling til styre for velferdsklubben:

**Valkomité**

Dette og neste års valkomité:

John Helge Møgster, Berit Øvrebø og June Stavland

**Kriterium for innstilling, sett av valkomiteen**

- Engasjement/motivasjon
- Spreidd på verksemndene
- Spreidd alder
- Kjønnsbalanse
- Geografisk spreidd
- Yrkesrepresentasjon
- Representere mangfoldet i kommunen

**Innstilling til styre**

1. Idar Grasdal (1 år)
2. Jalle Bråthen (1 år)
3. Tore T. Hansen (1 år)
4. Torhild Siggjervåg (1 år)
5. Anne Aanderaa (2 år)
6. Torbjørg Huus (2 år)
7. Marianne Grønnevik (2 år)

Det kom ingen motkandidatar til verva, og dei innstilte vart valde ved akklamasjon.

8. Informasjon om arbeid og komitear

10. Val av revisor

Tonje Stautland vart vald ved akklamasjon

11. Andre saker som er nemnt i innkallinga.

Det var ingen andre saker.

Arnild Tveiten - Larsen

Linn Therese Turøy Fylkesnes